



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid



DEN NORSKE KYRKJA

Hareid kyrkje

Postboks 48, 6069 Hareid

Tlf 70 09 51 30

www.hareid.kyrkja.no



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

www.kyrkja.no/storstavalt

tru

Eg faldar mine hender små
i takk og bøn til deg.
La alle barn i verda få
det like godt som eg.

Vern alle med di sterke hand
mot fattigdom og død,
og hjelp små barn i alle land,
så ingen lider nød.

La ikkje krig og svolt og sott
få rive lukka ned.
La alle leve trygt og godt
i fridom og i fred.

håp

kjærleik



Kyrkjeleg undervisning og læring

KUL 2 ÅR - VÅR 2026

“Eg faldar mine hender små”
Hareid Kyrkjelyd



Velkommen til samling for 2 åringar i Hareid Kyrkje

Kyrkja vil gjerne invitere til samling for alle dei som vart fødd våren for to år sidan

Vi kan sende denne brosjyra berre til dei som er medlemar (døypt), men samlinga er sjølvsaugt opa for alle som er fødd 1.januar-30.juni 2024

Onsdag 13.mai kl.17.00

Samlinga er ein del av opplæringa i Hareid kyrkje-lyd. Vi tek ansvar for vår del av dåpsløfte ”døype dei og lære dei”

Kyrkjeleg undervisning og læring (KUL) har minst eit tiltak i året fram til det året barnet er 18 år.

Det kan vere fleire samlingar i kyrkja eller kyrkje-lydshuset, leir, bokutdelingar mm.



Kva skal vi gjere

Borna får kvar sitt bilete med eit vers/kveldsbøn. Her står namnet deira og namnet til fadderane. Derfor viktig med påmelding.

Vi syng ulike barnesongar, tenner lys og presenterer trus-opplæringa og tilbod vidare framover for barnet.

Med rett til å verte sett og verdsett

Er det noko de som føresette meiner vi må vere merksame på når det gjeld dykkar barn, vil vi gjerne samtale om det så tidleg som mogeleg. Kyrkja skal vere ein plass der kvar enkelt kjenner seg heime.

Born er ulike, og kvar og ein ser verda frå sin stad. Nokre av oss har meir behov for tilrettelegging enn andre, og ikkje alle behov er like synlege.

Kontakt oss:

Har de spørsmål vedrørende samlinga så ta kontakt.
Hareid kyrkjekontor: 70 09 51 30 / sms: 92 09 01 74
e-post: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no



Påmelding - KUL 2 år

For å gjere det litt enklare for oss å planlegge ber vi om ei tilbakemelding innan 11.mai
Det kan gjerne gjerast på **telefon 70 09 51 30** eller **SMS 92 09 01 74**

- Vi kjem
- Vi tillet at det kan takast bilete som blir publisert utan namn.

Er det noko vi må vere merksame på / tilrettelegge spesielt for at ditt barn skal ha godt utbytte av samlinga kan de notere det her:

e postadresse:.....

Kontakttelefon

Underskrift